

Utval for undervisning og internasjonalisering.

Retningslinjer

Handsama og vedtatt i instituttrådet 28. november 2019.

1. Mandat for utvalet

Utvalet for undervisning og internasjonalisering (UUI) har etter vedtak i instituttrådet (sak ///) vedtaksmynde i studiesaker innanfor LLE sitt myndigheitsområde.

Utvalet arbeider for å oppfylle dei strategiske måla som er sett for undervisning og internasjonalisering på LLE. Utvalet arbeider aktivt overfor instituttleiar når det gjeld mål og ønske for dei langsiktige satsingane på LLE. Utvalet har eit overordna blick på bruken av tilgjengelege undervisningsressursar på instituttet.

Studie- og emneplanendringar som er av vesentleg betydning på tvers av faga på LLE, skal takast opp til orientering og drøfting i UUI. Utvalet ser til at undervisninga blir evaluert i tråd med gjeldande retningslinjer. Utvalet kjem med innspel til dei halvårlege dialogmøta mellom fakultetet og leiinga på LLE.

2. Representasjon

UUI består av undervisningskoordinator, fagkoordinatorar og programstyreleiarar frå dei ulike fagmiljøa. Det er tre studentrepresentantar i utvalet. Lektorprogrammet i nordisk språk og litteratur er representert ved fagkoordinator i nordisk fagdidaktikk. Kvart fagmiljø må avgjere om dei skal vere representerte av fagkoordinator eller programstyreleiar når ikkje den same personen har begge funksjonane. Undervisningskoordinator er leiar for UUI, og studieleiar er sekretær.

Følgjande fagmiljø med respektive studieprogram er representerte i UUI.

- Allmenn lingvistik, EXFAC00SK / Examen facultatum, Språkkunnskap
- Allmenn litteraturvitskap
- Digital kultur
- Klassisk filologi
- Kunsthistorie
- Nordisk litteratur, Norrøn filologi
- Nordisk språk, Norsk som andrespråk – teorifag
- Norsk som andrespråk – norskkursa
- Nordisk fagdidaktikk – lektorprogrammet
- Teatervitskap

3. Innkalling og referat

Det blir halde to til tre møte i semesteret. Ved behov blir det kalla inn til ekstra møte.

Undervisningskoordinator har ansvar for å kalle inn til møte. Innkallinga skal sendast ut seinast tre

dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram på møtet om nødvendig.
Møteinnkalling og referat blir send til medlemmane på epost og publisert på heimesida til LLE.